

HYRDINGEN

NR. 3

Juni 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Les meir om:

- Borna på Skattejakt: side 4
Konfirmantbileta: side 8
Portrettet: side 10
Gudstenestelista: side 14



*Flaggheising på konfirmantleir
på Eintveit Sjå side 6*



HYRDINGEN:

Ansvareleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12
ons kl. 12.30-14

Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89

Kontortid: Tys 9-15

Jon Ådnøy

Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@
vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset,
Pb. 40, 5583 Vikedal.
Mobil 413 25 280

Kontortid: Tor 9-15

Fengelsesprest:

Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland Prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Norodd Stavenjord
Mobil: 97 76 57 18

Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93

Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjøa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Ottar Krakk

Presten har ordet

ved prest Jon Ådnøy



Eit forsvar for folk flest

Kor kristeleg må du vera før du kjem med barnet ditt til dåp?

Det finst dei som meiner lista bør ligga høgt. Du skal trass alt svara ”ja” ved døypefonten, til spørsmålet om du vil at barnet skal høyra Jesus til og tru på han. Og då må du, om du ikkje vil vera ein hyklar, ha eit gjennomtenkt forhold til dette med trua. Meiner somme.

Jesus verkar litt mindre kravstor. Meles alltid om Jesus og borna (Markus 10, 13 – 16) når me har dåp i kyrkja. Det må ha gjort enormt inntrykk, den gongen Jesus sette læresveinane på plass og tok borna inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei. Barnet var knapt eit heilt menneske på denne tida. Og i alle fall mindre viktig enn vaksne.

To ting i forteljinga tykkjer eg er påfallende:

Det eine er reaksjonen fra Jesus når læresveinane viser bort dei som kjem med småborn til Jesus, for at han skulle røra ved dei. Før stod det at Jesus blei ”harm”. I den nyaste omsetjinga av Bibelen (frå 2011) står det rett og slett ”sint”. Det er ikkje mange gonger det er fortalt at Jesus er så arg som dette.

Det andre eg undrar meg over er det første ordet i forteljinga: ”*Dei* bar småborn til Jesus ...”.

Til vanleg peikar eit pronomen (dei) på nokon som har vore nemnde før. Kven er det snakk om her? Tradisjonelt har me tenkt det var mødrene, men det står ikkje i Bibelen. Det kan like godt vera fedrar, passegjenter, storesysken eller bestemødrer. Bibelen fortel heller ikkje om det var menneske som kjende Jesus godt, som trudde på han, eller kva slags folk det dreier seg om. Berre at ”*dei* bar småborn til Jesus”.

Matteus fortel den same forteljinga, omrent ordrett likt (Matteus 19, 13-15). Lukas (Lukas 18, 15 – 17) skriv at dei bar ”spedbarna” til Jesus. Men Jesus sin konklusjon er den same hos alle tre: - Lat småborna koma til meg, og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til.

Evangelia er samlingar av ting Jesus har sagt, og skildringar av hendingar i livet hans. Matteus, Markus, Lukas og Johannes har overlevert oss i litt ulike

samanstillingar. Evangelistane hadde eit mykke større tilfang enn det som kom med (les Johannes ev. 20, 30 og 21, 25). Dei fire evangelistane overleverer det dei meiner er dei viktigaste tinga, eit par generasjonar etter at hendingane gjekk føre seg.

Då er det påfallande at tre av evangelia har med forteljinga om Jesus og borna, og at dei siterer Jesus heilt likt.

Står det noko mellom linjene her?

At dei som kom til Jesus med borna, hadde gjennomgått ein lang modningsprosess, der dei hadde tenkt og vurdert og var komne til nokre teologiske læresetningar om Jesus, som dei kunne slutta seg til?

Eller at Jesus først snakka med ein voksen representant for kvart barn, for å sikra



seg at dei var seriøst interesserte, og ikkje gjorde dette av tradisjon, eller fordi dei gamle i slekta ville bli skuffa om dei ikkje gjorde det?

Det ser ikkje ut til at det står noko slikt, sjølv ikkje mellom linjene.

På meg verkar forteljinga om Jesus og borna meir som ein Elvis-song på hovudet. ”If you’re looking for trouble, you came to the right place” song ”The King” i 1958. Eit par tusen år tidlegare seier Kongen på sitt vis: ”Er det velsigning du eter ute etter, er du komen til rette plassen”. Det hadde ”dei” tiltrø til.

Kor kristeleg må du vera, før du kjem med barnet til dåp? Jo, me skal tenkja gjennom kva dåpen betyr, kan henda leita etter ord som kan uttrykkja tankar og kjensler kring barnetrua.

Men verknaden av dåpen er ikkje eit resultat av kva som surrar rundt i hovudet og kroppen på meg. Verknaden kjem an på kven Gud er, kva han gjer. I tillit til Gud kjem me, alias ”dei”, til Herren i den heilage dåpen. Og er velkomne.



Av Steinar Skartland

Det brenn ein eld i Vindafjord-bygdene. Trusopplæringsreforma har så langt ikkje medført statlege midlar hit, men kristenfolket har teke skeia i eigne hender. Gjennom søndagskular, Lys Vaken og Skattejakt i kyrkjene, ungdomsklubb, Feedback og ei rekke tiltak tilpassa kvar bygd, får born og unge høyra den glade bodskapen. Dei er framtida vår. Framtida i eit land som gjennom tusen år har hatt kristendommen sine idealar med seg. Bud og forkynning om kjærleik, omsorg, diakoni, fred og fellesskap har vore og er sentralt. Dei kristne grunnprinsippa har fått prega folk og nasjon.

Kyrkja starta opp skulevesenet. Min generasjon vaks opp med å læra salmar, bibelvers og om Jesus som i sin kjærleik ga sitt liv for alle menneske. Ei frelsesgåve til kvar den som trur.

Men skulen har for lengst mista oppgåva å undervisa borna i kristendom. Det er opp til oss nå om vi vil at den glade kristne bodskapen om kjærleik, omsorg og evig liv skal berast vidare til nye generasjoner. I våre bygder er det mange som brukar si fritid med glede for å visa borna kva bibelen er for oss. Takk for alle som bryr seg. Som har ein kjærleikseld tent i hjarta sitt.

Økonomien

Vil du gi Hyrdingen til alle husstandar i Vindafjord? I fjar var det berre 18% som betalte bladpengar, det er ikkje nok. Dersom nokre fleire betalar kr 250 pr år vil vi framleis få balanse i økonomien.

Bruk kontonr.: 3201.53.18049

Ole Arne Pedersen Min song

«Namn: Ole Arne Pedersen
Fødd: 1970 i Bergen
Vakse opp i: Lindås og på Moster
Gift med: Arlene Pedersen
3 barn
Stilling: Lærar
Jobba på: Bjoa skule frå 1997-2002
Har jobba ved: Lundeneset
Vidaregåande skole frå: 2002
Aktiv i: fotball, søndagsskule, korarbeid mm
Budd i Ølen frå: 1989»



Dette er den songen som eg oftast vender tilbake til. Forfattaren sjølv seier: *Frå Salme 31,16 er desse orda henta: «Mine tider er i di hand» - ein kvilestein for Guds folk.* Og det er nettopp det denne songen er blitt for meg – ein kvilestein. Ein «levande» stein der eg kan ta ein pust i bakken, både i motbakkar og nedoverbakkar.

Her er ein plass som eg kan gå til, der eg ikkje treng å ta på meg ei maske. For han, Jesus «kjänner mine tankar» på førehand. Eg kan lesse av meg alt, urolege tankar, stress, sut og anna som eg slit med. Han som ifylgje Bibelen har «fredstankar og ikkje ulukketan-

kar» for oss. Han som har «sigra over døden» og «opna himlens port», han har lova at vi skal få kvila hjå han.

Så treng eg ikkje vere uroleg for kva som ventar der framme, han kjenner «min framtidsteveg». Om eg set mi litt til han som har sagt at: «ingen skal riva dei ut or mi hand» så har han lova å ta omsorg for meg. Han har lova å halde fast i meg, og som det står i Jesaja: «Han gjev den trøytte kraft».

Så kan vi alle få lov til å strekke handa mot Jesus, og han har lova at han vil gripa den, og vi kan alle få kvile i dette: «I di hand er mine tider.»

I di hand

I di hand er mine tider, eg er alltid trygg hjå deg.
Du som kjenner mine tankar, kjenner og min framtidsteveg.
Ingen ting meg riva kan or di sterke Frelsarhand.
I di hand er mine tider, eg er alltid trygg hjå deg

I di omsorg får eg kvila, du skal vakta meg så vel.
Om min lekam går til grunne, tek du vare på mi sjel.
Ingen ting kan skada meg, når eg, Jesus er hjå deg.
I di hand er mine tider, eg er alltid trygg hjå deg

Du har sigra over døden, du har opna himlens port.
Når di hand er utrekt, Herre, kven kan venda henne bort.
Jesus, alt til evig tid, held du fast kring handa mi.
I di hand er mine tider, eg er alltid trygg hjå deg

*T Haldis Reigstad 1984
M Bjarne Stølen 1987*



Me fann ein skatt i Sandeid kyrkje!



*Lurer på kva me finn på toppen
i Imslandskyrkja?*

Den Store Skattejakta er over for i år!



*Spennande å høre om regnbogen i
Skjold kyrkje*



Full konsentrasjon i Vats kyrkje



Super utsikt frå prekestolen i Vikedal



Dåpsvatnet kiler litt i Vikebygd kyrkje

Kyrkjelydane i Vindafjord satsa friskt i vår med å tilby eit nytt trusopp-læringstiltak for alle 1.klassingar i alle bygder (I Imsland og Bjoa var kulla så små at der fekk også ei aldersgruppe til være med).

Tiltaket fekk namnet "Den store skattejakta" og blei organisert som ein dåpskule med 4 samlingar + deltaking på ei skreddarsydd gudsteneste. Me leita og fann skattar både i kyrkjene, i Bibelen og i kvarandre. Me song, laga

ting og koste oss med mat av ulikt slag. Til tider blei det nesten litt for spennande og ein kan trygt seie at det har vært liv i kyrkjene desse vekene!

Sjølv om me ikkje har fått tilsett ein person i den ledige stillinga som kyrkjelydspedagog enno, blir dei innsamla pengane no brukt til formålet i heile kommunen. 5 entusiastiske damer blei engasjert på timebasis for å få gjennomført Skattejakta, og saman med ein like stor gjeng frivillige har dette blitt ein



Kreative born i Ølen kyrkje



2 blide skattekompisar i Bjoa kyrkje

suksess som ein ynskjer å vidareføre.

Tusen takk til alle gjevarar til trusopplæringssatsinga vår i Vindafjord som har gjort dette mogeleg!

Tusen takk også til positive forldre og flotte born som var med på skattejakta! – spørrs om me hadde funne alle skattane utan dykk.

Her er eit lite innblikk i kva borna har fått være med på: (bilete)



Lederteamet i 'Mødre I Bønn'. Randi Anita Helvig, Anne Jofrid Vik, Karin Sandve Vereide og Lill Iren Larsen. (Foto: Alette Sandve Vereide)



Mødre samlast for å be for born og skulane dei går på!

Hyrdingen har fått eit skriv med informasjon om eit viktig arbeid der målet er å be for borna. Det er Randi Anita Helvig som er leiar for dette arbeidet som har orda i overskrifta her som organisasjonsnamn.

-Eg fekk ein brann i hjarta mitt om å samla mødre for å be for borna, da eg eingong for mange år sidan trefte ei mor som gjorde dette! Fleire år seinare starta eg og nokre andre mødre opp ei eiga gruppe, fortel Karin S. Vereide.

Det er nå 120 grupper i Noreg, og hovudkontoret melder om 3 nye grupper kvar månad. Oppleget for gruppene er ganske enkelt, og ei ny gruppe vert til ved at ei mor finn ei anna mor å be saman med. Ofte samlast gruppene ein gong kvar 14. dag til bøn i ein times tid. Bønestunda startar med at det vert lese frå Bibelen. Oppleget vidare kan variera litt, men til slutt er det bønn for borna og skulen. – Det er ingen servering på møta.

På nettsida 'Mødre I Bønn' (<http://momsinprayer.no/>) finn ein meir informasjon om arbeidet, og kvar veke vert det lagt ut nye bønneark til hjelp og inspirasjon, og med nye bønnemne. Arbeidet blir opplevt rikt for dei som er med, dei ynskje nå å gjera dette bønnearbeidet kjent i heile Noreg.

Inspirasjonskveld med FUT



Av Steinar Skartland

Kari Vik Stuhaug leia inspirasjonskvelden som samla om lag 30 personar på Kyrkjjetunet onsdag 22. mai. Kurskvelden var for å inspirere og løfte opp dei som står i bresjen for barne- og ungdomsarbeid i Vindafjord. Fellesutvalet for Trusopplæring (FUT) har teke på seg ei stor oppgåve som eit fellesorgan for sokneråda i dei åtte sokna våre.

Då trusopplæringsreforma vart vedteken i Stortinget var det meiningsa at alle kyrkjelydane etter kvart skulle få midlar til å driva arbeidet og tilsetje leiarar. Vindafjord er ein av dei kommunane der ein ennå

ventar på midlar. Men sokneråda sit ikkje med hendene i fanget og ventar. I tillegg til kateket har det vore lyst ut stilling som kyrkjelydspedagog, men utan kvalifiserte søkjarar. Likevel vert arbeidet drive med mange frivillige som brukar fritida si på trusopplæring.

Etter bønevandring i kyrkja og eit inspirerande foredrag av Kari, vart deltakarane delt i tre grupper: Ungdomsarbeid, mellomtrinnet ei for arbeid for dei yngste. Gjennom samtale fekk deltakarane dela erfaringar med kvarandre, under leiing av Kari Vik Stuhaug, Britt Karstensen og Liv Herborg Wold.

Glimt frå konfirmantleiren i Åkraffjorden

Av Harald Eintveit

For tredje gong vart det arrangert konfirmantleir på heimstaden til soknepresten i Vikedal, Harald Eintveit. Med eit svært variert og omfattande program frå garnfiske, lokal historie og møte med fastbuande til natursti, fotomontasje, fest, gudsteneste og kyrkjekaffi, opplevde konfirmantane frå Imsland, Vikedal og Sandeid, i det strålande veret, ei helg som truleg seint går i gløymeboka. Hyrdening syner her nokre glimt frå leiren.



Mathias Våg Skjold gjev honnorblink.



Natursti langs bygdevegen i strålande sol og med strålande konfirmantar.



Gode vener! Frå middagen på Åkraffordtunet.



Frukosten smakar.



Tid for avreise.



Ola Th. Djuve inviterte kyrkjelyden inn i varmen. Her ser vi eit lite utsnitt av forsamlinga: Erik Grønnestad, kyrkjekaffiverten Ola Th. Djuve, Harald Hundseid og Olav Eikeland i lystig lune. Sistnemnde gjorde teneste som klokkar/kyrkjetenar.



Eit knippe staute konfirmantar: fr.v.: Nicolai Isaksen Borgund, Bjørn Hallvar Eikeland, Mathias Våg Skjold, Even Fosen Vetrhus og Even Aksdal Lindhjem.



Familiemesse på låven. Tema: "Nok brød på hi sio?" Frå v.: Kantor Juri Kotkovich, pastor loci, konfirmant Åshild Stuhaug og Andreas Rosså.



Frå venstre bak: Elinor Austrheim, Maria Austrheim, Ragnhild Skipevåg, Amalie Rønnevik, Kristine Vikedal, Åshild Stuhaug, Sunniva Fatland, Thomas Henriksen Leite. Framme frå venstre sit ekteparet Mary og John Hallingstad.

Konfirmantane deltok i Diakonigruppe

Ein liten rapport frå Diakoni-utvalet i Vikedal Prestegjeld.

Konfirmasjonsførebuingane er slutt for dette kullet konfirmantar i Vikedal Prestegjeld

(Sandeid, Imsland og Vikedal). Undervisninga føregår ein dag i veka, i haust- og vårsemesteret, som vanleg fram til Påske. Soknepresten ynskjer at dei unge skal få oppleva noko spesielt i denne tida som konfirmantar. Difor har dei vorte delt opp i to grupper, dei to siste åra: **fri-luft og diakoni**.

Diakoniutvalet i Kyrkja tek konfirmantane med i deira ansvarsoppdrag, som er vitjing på Sjukeheimane og Eldretreff som samlar dei eldre som bur heime, til ei hyggestund i Sandeid, Vikedal eller Imsland. I denne Diakonigruppa får konfirmantane eit innsyn i kva diaconi er i praksis. Dei får sjå korleis eldre har det i ein Institusjon, og kva tilbod Kyrkja har for dei som vert gamle i Prestegjeldet vårt.

Konfirmantane deltek med konkurransar av ulike slag (songar, salmar, Kven

er diktaren? geografi o.l.). I år opptredde dei med song på Sjukeheimen i Vats, til stor glede for dei som bur der. Konfirmant-vitjingane på Sjukeheimane er alltid populære og eit friskt pust frå heimbygda dei eldre kjem frå.

Friluftsgruppa om hausten byter plass med Diakonigruppa i vårsemesteret. Såleis får alle konfirmantane delta på begge gruppene.

Godt lydanlegg for alle i Ølen kyrkje

Takk til Vindafjord kommune for støtte

Saman for Guds andlet er motto for gudstenestelivet i Den norske kyrkja. Å planleggja gudstenestelivet i kyrkjelyden er å leggja til rette for at Ordet og sakramenta er i bruk midt i livet i kyrkjelyden. Kyrkjelyden og gudstenesta er eit fellesskap der alle skal vera inkluderte. Dette utfordrar gudstenestelivet i kvar einaste kyrkjelyd å leggja til rette for **gudsteneste for alle**. Ein av føresetnadane for at dette skal skje, er universell utforming av kyr-

kjerommet. I gudstenestelivet dreiar dette seg om å få bort hindringar, leggja til rette for dei som har spesielle behov og vera medviten på at kyrkjelyden skal få ta i bruk alle sansar i gudstenesta.

Ølen sokneråd har dette i planarbeidet. Det siste året har soknerådet gjort tiltak for at alle skal høyra godt i Ølen kyrkje. For nokre år tilbake kom det nytt og godt lydanlegg i kyrkja. Anlegget har ikkje fungert tilfredsstillande ut frå målsetjing om at alle skal vera inkludert. Soknerådet i Ølen søkte difor tilskot til universell utforming

for oppgradering av anlegget for høysels-hemma. Arbeidet er no gjennomført. Soknerådet har fått positive tilbakemeldingar frå høyselshemma på ”å høyra godt i alle deler av kyrkja”. Dette gler oss. Ølen kyrkje skal vere open og tilgjengeleg for alle.

Stor takk til Vindafjord kommune for tilskot til universell utforming til oppgradering/ fornying av anlegg for høyselshemma i Ølen kyrkje!

*Sølv Eide Lunde/Liv Ingunn Heie Medhaug
For Ølen Sokneråd*

Konfirmantar 2013

Vats



Vike



Skjold



Sand



Vikebygd



Vats

Stina Børve
Emil Hauso Døvik
Sander Eike
Liva Nesheim Fuglestein
Rita Helen Gundersen
Alf Halsnes
Magnus Svantesvold Kalstveit
Even Krakk
Jørgen Kristoffer Landa
Morten Andre Espeset Littlehamar
Håkon Nordtveit
Svein Olav Nygård
Cecilie Spartveit
Ørjan Klungland Stokkevåg
Jon Harald Stødle
Johannes Urdal dy.

edal



deid



Skjold

Evelyn Aase

Astrid Elise Alendal

Johannes Bakke

Solrun Bakke

Ola Nonslid Eriksen

Malin Frøyland

Stian Andre Gullhaug

Astrid Handeland

Sofie Nesheim Hustoft

Matilde Hustveit

Sunniva Dagsland Indreland

Even Espeseth Landa

Kristina Haugen Moe

Malene Mortveit

Kristoffer Hustoft Nesheim

Einar Nonslid

Kristoffer Nordtveit

Vebjørn Søndenå Rullestad

Thomas Vestre

Brage Wannberg

Henrik Økland

Cesilie Øygard

Even Landa

Sunniva D. Indreland

Ølen



Første rekke fra venstre: Anna Sorteberg Vik, Silje Henriksen, Benedikte Lunde, Stine Rullestad, Stine Berge, Helene Kvamme Øglænd, Synniva Nesheim Øglænd. Andre rekke f.V: Karl Johan Klungland, Bjørnar Haugland Gundersen, Mailin Kjellesvik, Gerd Slåke, Elida Hundhammer, Kristine Bastlien, Anders Traet Vaka. Tredje rekke f.V: Petter Kvamen Clausen, Øyvind Granberg, Dani Johansen, Emil Hundhammer, Sindre Knutsen, Andreas Madsen, Sigmund Risøy, Sivert Helgesen, Espen Olsen.

Bjoa



Første rekke fra venstre: Frode Bødtker, Barbo Toadalen Sælvik, Daniel Årvik. Andre rekke f.V: Sondre Sørås Genberg, Twan Lars Blömer, Alexander Teimann Bjørnø.

Vikedal

Kitty Sofie Alne

Ellinor Austrheim

Maria Austrheim

Ola Birkeland

Nicolai Isaksen Borgund

Stian Hundseid Dahlberg

Bjørn H. Eikeland

Jone Lillemo

Even Aksdal Lindhjem

Amalie Rønnevik

Ragnhild Skipevåg

Mathias Våg Skjold

Even Fosen Vetrhus

Kristine Ekrheim Vikedal

Atle Vormestrand

Vikebygd

Cato Barane

Line Hausberg Bjerga

Aleksander T. Bjørnevik

Benedikte Bjørnevik

Sandra Rugtveit Bjørnevik

Amalie Søndenå Erdal

Joakim Fredriksen

Glenn B. Hansen

Ida Karolina Kolltveit

Astrid Mortveit

Maren Rødde

Jan-Arthur Skartland Svendsbøe

Tommy Steinsvik

Simen Walter Walle

Marielle Legøy Årvik

Sandeid

Henny Abelseth

Eline Asheim

Sunniva Fatland

Liv Anne Gryte

Julie Helgesen

Lena Jacoby

Solfrid Marie Jansen

Thomas Henriksen Leite

Vegard Matre

Sverre Ramsfjell

Martha Kristine Stople

Åshild Stuhaug

Liv Ingunn Heie Medhaug

Engasjert leiar i sine beste år

Av Arne Borgemyr

Eg sit i stova til Liv Ingunn og Leiv Karsten Medhaug. Frå stoveglaset kan me sjå ned mot Vågen skule som har vore Liv Ingunn sin arbeidsplass i over 26 år, først på gamleskulen på andre sida av fjorden og frå 1997 på nye Vågen skule. Ute i fjorden ligg ei oljeplattform som minner oss om at den moderne tida er kome til Ølensvåg.

Redaksjonen har bedt meg om å gje eit bilet av ei aktiv og engasjert dame som har sett mange spor etter seg i kommunen, særleg i skule og kyrkjelyd. Og det i god tid før ho rundar dei seksti.

KJEM FRÅ TYSNES

Liv Ingunn Heie Medhaug vart fødd i Bergen 1956, men kjem frå ein liten gard som heiter Heie på Uggdalseidet på Tysnes. Ho røper røtene når ho seier at ho vart fødd på den tida av året når julegrisen skulle slaktast, altså i desember. Ho var ”i midten” av ein søskenklokk på to systrar og to brør, og vaks opp i ein kristen heim.

I 1. klasse var dei 4 elevar. Det var ein fådelt skule, og difor måtte dei gå to årskull saman. Då ho var ferdig med barneskulen, tok ho 2-årig realskule utan eksamensrett på Tysnes. Skulen hadde ikkje eksamensrett, med eksamen i 25 fag. No var ho 15 ½ år og flytta til Os for å gå på gymnas og bu på hybel. Det var få kristne elevar ved skulen, men allereie då møtte ho det kristne Skulelaget, som skulle viktig for henne gjennom livet.

VIDARE UTDANNING

Det var reallinja som var den rette for Liv Ingunn. Men kvar gjekk så vegen etter gymnaset?

- I barndommen hadde eg drøymt om å bli bonde, fortel Liv Ingunn. Men etterkvart fekk eg det for meg at eg skulle bli lærar. Det var ein kamp om plassane på lærarskulen, særleg i Kristiansand der eg sökte. I første omgang kom eg ikkje inn, så eg tok eit halvårig husflidskurs på Garnes. Eg var også tannlegeassistent nokre månader, og då tenkte eg at eg



kanskje skulle bli tannlege. Då eg kom inn på lærarskulen i Kristiansand, valde eg å gå der, noko eg aldri har angra på.

- Korleis opplevde du lærarskulen på den tida?

- Det var ein triveleg klasse, og me var ein gjeng som heldt mykje saman både i studiar og på fritida, fortel Liv Ingunn. Det kristne Studentlaget var stort og aktivt med over hundre medlemmar. Me fekk kraftfull forkynning, reiste på store Studentmøte og nyttårsmøte som gav åndeleg vekst. Men det var og ei tid med sterke spenningar og motstand mot kristentrua. Grupper med ytterleggåande politisk syn markerte seg og Studentlaget hadde ein viktig samfunnsbyggande funksjon blant studentane.

LÆRARSTILLINGAR

- Så var vel tida komen for å søkje lærarjobb?

- Ja, eg var oppteken av Guds leing i det spørsmålet. Eg var nok også spenningsøkjande, og var villig til å ta ei utfordring. Ei venninne av meg hadde vore på evangeliseringsteam i Honningsvåg i Finnmark og foreslo at me reiste saman dit. Me sökte og fekk stillingar. Sidan me

hadde fullført utdanning, fekk me kvar vår 1.klasse med 27 elevar. I ei tid med mange ufaglærte lærarar, hadde skulestarten prioritert. Det var ei krevjande, opplevingsrik og lærerik tid.

Finnmarkingane var opne og vennlege. Det var få aktive kristne. På bedehuset var det nokre ungdommar sørfrå som dreiv ungdomsarbeid saman med dei lokale, og me engasjerte oss der.

KJÆRLEIK

- Eg må få spørje kor tid du og Leiv Karsten vart kjæristar?

- Ja, me gjekk i same klasse på lærarskulen og var i same vennegjeng. Han fekk lærarstilling på Fagernes i Valdres, men me hadde god kontakt. Han besøkte meg og me vart etter kvart kjæristar. Etter tre år i nord reiste eg til Bergen for å ta kristendom grunnfag på NLA. Me gifta oss i 1983 og busette oss på Fagernes. Me treivst godt i Valdres, begge to, og hadde tre trivelege år. Me fekk etter kvart vårt første barn, Helene. Då vart det lang avstand til foreldra våre og familien på Vestlandet. Det var tid for å slå rot og me sökte oss vestover.

TIL ØLEN I 1986

- No la ting seg til rette, fortel ho viderre. Ein dag på våren i 1986 ringde skulesjef Johannes Løvdahl frå Ølen og tilbaud oss stillingar ved Ølen skule, ei av dei var fast tilsettning. Ut på sommaren vart det ledig stilling i Ølensvåg, og det vart difor til at eg tok til der. Liv Ingunn fortel elles korleis ho ganske snart kom inn i arbeidet som vaksenleiar for skulelaget. Det var Margot Ivesdal, som på første besøk på skulekontoret, spurde om vaksenleiarhjelp til skulelaget i Ølen. Det vart Liv Ingunn som sa ja til denne utfordringa. Etter kvart fekk ho ansvaret for laget åleine. Dei siste åra har ho hatt hjelp av elevar frå Lundeneset, og ho understrekar sterkt kor god støtte dette har vore for å kunne halde fram i alle desse åra.

- Eg husker at me traska i brakeskogen i Vågshagen og såg på tomt våren 1987. Og her bygde me huset me har hatt sidan og familien auka til fem.

REKTOR

I 2007 vart det ledig vikariat som rektor på Vågen skule. Liv Ingunn gjekk inn i denne oppgåva etter over 20 år som lærar ved skulen. Då rektorstillinga vart lyst ut fast i 2009, vart ho tilsett. Eg spør kvifor ho har soikt ei leiarstilling og korleis ho opplever det.

- Det er ei utfordring å ta på seg ei leiroppgåve – og eit stort ansvar. Ofte kan det nok vere enklare å ikkje ha eit slikt ansvar. Men eg trur eg har fått ei gave til å leie som eg skal forvalte. Å vere leiar handlar mykje om å bygge gode relasjoner og gjere kvarandre gode, held Liv Ingunn fram. Og her har ho mykje på hjarta. Men det er dessverre ikkje rom i denne artikkelen for alle dei gode tankane om leiing som ho gjerne vil dele med oss.

Liv Ingunn fortel meir om arbeidet blant elevar.

- I skulen er det særstakt viktig at me vaksne ser den einskilde elev, men kanskje særleg dei som slit med ulike vanskar. Tidleg innsats er eit viktig stikkord her. Det vil i mange høve vere lettast å hjelpe ein elev på rett spor tidleg. Felles innsats og godt samarbeid mellom foreldre og skule mot felles mål, er viktig for at barn og unge skal få utvikla ibuande evner.

LEIAR AV PPT

Nyleg vart Liv Ingunn utfordra til å gå inn i oppgåva som leiar av PPT-kontoret (Pedagogisk Psykologisk Teneste), ei teneste som er felles for Vindafjord og Etne kommunar. Dette vart ein unik sjanse til å gå inn i nye og spennande



Liv Ingunn og skulelaget.

oppgåver, utan at ho hadde hatt i tankane at karrieren skulle gå denne vegen.

SOKNERÅDSLEIAR

Liv Ingunn husker spesielt godt datoен då ho vart vald inn i Ølen sokneråd, den 11. september 2005.

- Kvifor?

- Det var same dagen som mor hennar døydde! No har ho vore vald inn i soknerådet alle åra sidan. I 2006 vart ho leiar i soknerådet, og det er ho enno.

- Kva saker ser du som særleg viktige for kyrkjelydsarbeidet no?

- Det må bli truskopplæringsreforma. Lokalt i Vindafjord har me arbeidd med å få tilsett ein kyrkjelydspedagog som skal vera ein viktig medarbeidar i trusopplæringa, saman med kateket og alle frivillige. Det er trong for å få til ein systematikk i arbeidet, og me har arbeidd med dei ulike fasane for barna og dei unge. Trusopplæringa skal skje i samspel med sundagsskulen og dei ulike lag som dei kristne organisasjonane driv.

FAMILIE OG FRITID

Liv Ingunn og Leiv Karsten har 3 vaksne døtrer, og for eit lite år sidan vart dei besteforeldre.

- Det er heilt strålende og fantastisk å få følgje med utviklinga til eit lite barn heilt frå det er fødd, kjem det frå den glade mormora.

Til sommaren gifter yngste jenta seg, så det kan bli fleire barnebarn etter kvart.

Ein kan lure på korleis Liv Ingunn får tid til alt ho er engasjert i.

- Korleis får du tid for deg og familien, og kva gjer de då?

- Eg må vere strukturert og er takksam for å ha ei god helse. I vår startar bygginga av hytte på Vågsli, fortel ho. Det kan bli eit verdifullt samlingspunkt for familien der me kan trekkje oss tilbake. Me liker å gå turar i fjellet, også turane Vindafjord rundt. Elles koser eg meg med å jobbe i hagen.

KRISTEN TRU

Liv Ingunn tok eit bevisst val om å vere ein kristen i ungdomsskulealderen i samband med ein møteaksjon på Tysnes. Når eg spør om ho har eit eige bibelord, svarar ho spontant:

- Mange. Dette går i fasar. Bibelen gjev meg styrke i trua og gjennom livet. Salmane kjem eg ofte tilbake til. No vil eg nemne Salme 121:

*Eg lyfter auga mine til fjella.
Kvar kjem mi hjelp ifrå?
Mi hjelp kjem frå Herren,
som har skapt himmel og jord.
Herren skal vara din utgong og
din inngong frå no og til evig tid*

Eg er i Guds famn med heile livet mitt! Og spør du om og har ein viktig song, må eg få nemne: "Namnet Jesus blekner aldri...".

Imsland kyrkje - Palmesøndag 2013

Av Jørgen Landa

Denne ærverdige kyrkja var det som samla kyrkjelyden i Imsland Palmesøndag. Per Egil Meling var med og gledde oss med sangen sin saman med organisten denne søndagen, Juri Kotkovitch. Harald Eintveit frå Åkrafjorden forretta gudstjenesta som samla folket med teksta frå Jesus si vitjing i Betania hjå søstrene Marta og Maria og broren Lasarus som Jesus hadde vekt opp frå dei døde. På ein foldar vart ein teikning av R. Nordin med som viser Maria med alabasterkrukka og med farisearane i bakgrunnen som med både forrakt og fordømming følgjer denne hendinga på nært hold.



Sidan vert det stor fest der Jesus vert hylla som kongen over jødane sitjande på ein asenfole. Med palmegreiner i hendene og eigne klede strøydde på vegen vart han hylla av alle. Han vart sidan sviken av alle då han åleine måtte møta bødlane sine på

Golgata. Maria var kvinna som følgde med og som sidan møtte den oppstadne og fekk vera sendebodet til dei fortvila læresveinane som hadde låst seg inne på ein sal i nærleiken. Jesus møtte dei òg sidan og alle fekk frimod til å bli martyrar - alle som ein unntatt Johannes som døydde ein naturleg død. Kyrkja ligg ved sjøen som var nær vegen for alle i den tida. Vindafjorden diger og dryg som rekk like til Vats og Raunes.

Sjoarevegen i Imsland

Imsland var ein tettsted i si tid og og Imslandssjøen var eit omgrep på linje med Ølensjøen og Åmsosen. Det var ein gong - slik byrjar alle eventyr. Om det ikkje er snipp snapp snute, så er aktiviteten laber i våre dagar i denne trange gata fram mot kyrkja. Men husa står velstelte og viser fram "feriefolket" og deira hegns om "barndommens rike" Her ligg og bedehuset som i dag er teke hand om av Imsland kyrkje. Dette fortalte sokneprest Eintveit



i telefonen. Sidan har me sett at bedehuset fekk arv frå ein utflytta imslandsbu på heile kr 400.000,- som var delt mellom bedehuset og kyrkja. I dag er midlane sett inn på konto og er midlar som vert nytta til å stella med både kyrkje og bedehus.

Altartavle og epitafium

Me fann òg den gamle altartavla. Ho er frå 1700-talet. Ho er vakker og stilfull, og ho er fotografert av Karl Gudvin Ohm frå Vats. Han har gard på Dysja i dag, og har funne ut at han stammar frå vikedals-presten på 15/1600-talet. Det er i denne kyrkja me finn båtpantene i taket og minner folket om at "Guds rike ikkje er av denne verda."



Det finst eit epitafium i kyrkja over presten og barna hans. Det viser fram mann, kone og dei fire barna hans knelande under Jesus på krossen. Skrifta på tavla inneheld visstnok namna på borna hans. Etter Vikedal kyrkje 100 år skal dette vera "Per Persens Salige Børn". Han var gift med Barbara Jørgensdtr som var søster til skjolda-presten i den tida - Herr Gunner Mikkelsen. Presten på epitafiet hadde i alt seks barn, og frå desse barna er det mange, mange misjonsfolk. Attåt fann me ein minnestad over Hakon Åsbø. Han var lærar på Vedavågen skule i mange, mange

år og samla ungdommen kring speidara-beidet. På gravferdsdagen hans kom det ei heil busslast frå Vea og ville visa Hakon Åsbø den siste æra. Memorialet er laga av små runde steinar sett opp som ein liten mur kring gravstaden. Attåt er det sett opp ei byste av læraren ved skulen i Vedavågen. Faren var bonde i Imsland attåt emis-særgjerninga han skjøtta heile livet.

Frå boka Misjonen velsigning i tusen ledd - 2002:

I Imsland levde i si tid Lars Skibevåg. Det var Thore Øye frå Sauda og Halvar Sand som kom her i 1835-36. Thore vart omvendt ved Haugvaldstad. Han var vide kjend som songar. Lars Skipevåg kom til liv i Gud den gongen. Han hadde vore vakt lenge.

Venevitjing var mykje bruka i den tid. Han var tidi omkring hjå vene og vitna om Gud. Og fekk vitjing att av dei. Ikring 1850-åra kom bøker og blad frå Rosini-vekkinga her til, og Lars fekk tak i dei og lika dei godt. Dette kom ut mellom venene. Og der vart arbeidt imot han for det. Han reiv då tittelbladet bort frå Rosiniboka "Filadelfia". Då kunne han hugheilt ta ho med seg. Då ingen visste kven forfattaren var, tykte mange - ja alle - at det var sers å høre. Der var tonar i den som løyste bundne lengslar. Det var noko i dei som høvde i den tida nå. Haugvaldstad fekk tak i dette, han sende då Osmund Vinje frå Etne inn. Han skulle få Lars med seg ut å vitne om Gud. Men Lars ville ikkje ut den gongen. Han gav Osmund ein dalar til heimreis. Då den fyrste generalforsamlinga for heidningemisjonen var i Bergen, gjekk han til Ølen dei 4 mila. Derifrå fylgte han vene i båt. Dei rodde til Bergen. Det var om lag 20 mil - eller vel så det.

ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en del av NLMvgs



Vi er en del av NLMvgs



Knaphus 
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

Knaphus 
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 
SR-BANK

joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

BLOMAR TIL GRAVFERD


Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



GRAVSTEIN



Se vår store
utstilling, eller ring
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



Konsertar i Skjold kyrkje hausten 2013

For alle musikkglade menneske vert det fleire godbitar
å gle seg til når haustmørket på ny tek over for
sommardagen. Sjå berre her:

23. oktober: Konsert med Rita Eriksen.

Denne kvelden vil artisten med den krystallklare damestemma i den no klassiske Vamp-låten Tirn'a Noir fylla kyrkjerommet i Skjold kyrkje. (Billettar vil bli selde på Scanticket.)

"Herrens klinkekuler", konsert med songgruppa Amateur frå Haugesund

Her er dato ikkje endeleg fastsett.

Kulturutvalet arbeider med fleire kulturelle godbitar, arrangement me lyt koma attende til i neste nummer av "Hyrdingen".

"Godnatt-songkveld med Ingelinn Strømme Sivertsen.

Her vil foreldre i heile Vindafjord som har eitt og toåringar i huset bli spesielt inviterte.

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesøndag	Vikedal Prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
9. juni 3. s. i treeiningstida Mark 10, 13 - 16	Imsland kl. 11.00 Høgmesse v/prost Norodd Stavenjord Nattverd Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Vats på Refsnes kl. 11.00 Gudsteneste Speidardag Takkoffer: KFUK/M Global	Ølen kl. 11.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Ungdomsarbeid ved Lundeneset
16. juni 4. s. i treeiningstida Matt 9, 35-38	Sandeid kl. 16.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Blå Kors	Skjold kl. 11.00 Friluftgudsteneste v/ Lensmannsgarden Takkoffer: KIA	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd Takkoffer: Misjonsprosjektet. Vikebygd kl. 17.00 Høgmesse: Nattverd, Takkoffer
23. juni 4.s.i treeiningstida Matt 18, 12-18	Vikedal kl 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Kirkens Bymisj.		
30. juni 6.s.i treeiningstida / aposteldagen Joh 1, 35- 51		Vats kl. 11.00 Gudsteneste Takkoffer: Gideon	Bjoa kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer
7.juli 7.s.i treeiningstida Mark 5, 25 - 34	Imsland kl. 11.00 Høgmesse Nattverd Takkoffer: Kirkens Bymisjon Rogaland		Ølen kl 11.00 Høgmesse Nattverd Offer: Israelsmisjonen
14 .juli 8.s.i treeiningstida Mark 12, 28-34	Vikedal kl. 12.00 Familiegudstenste Rootsfestival Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	Vikebygd kl. 17.00 Gudsteneste Takkoffer: Normisjon	
21 .juli 9.s.i treeiningstida Luk 6, 36 - 42	Sandeid kl. 16.00 Høgmesse Nattverd, Takkoffer	Skjold kl 11.00 Gudsteneste Takkoffer	
28 .juli 10.s.i treeiningstida Mark 11, 25 - 26		Vats kl. 12.00 Gudsteneste Takkoffer: Navigatørene	Ølen kl. 11.00 Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: NLA
04. august 11.s.i treeiningstida Joh 8, 31 - 36	Imsland kl. 16.00 Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid		Bjoa kl. 11.00 Høgmesse. Dåp og nattverd. Takkoffer.
11. august 12.s.i treeiningstida Joh 4,27-30:39-43	Vikedal kl. 11.00 Høgmesse Nattverd, Takkoffer	Vikebygd kl. 11.00 Høgmesse Takkoffer: Evangeliesenteret	
18.august 13.s.i treeiningstida Joh 15, 13 - 17	Sandeid kl. 11.00 Høgmesse Dåp - Nattverd Takkoffer	Skjold kl. 11.00 Gudsteneste Takkoffer	
25. august 14.s.i treeiningstida/ Vingardssøndagen Matt 19, 27 - 30	Vikedal kl. 11.00 Familiegudsteneste på Motorbanen Konfirmantpresentasjon Takkoffer: Konf.arbeidet	Vats kl. 17.00 Gudsteneste Konfirmantpresentasjon Takkoffer: Feedback	Ølen kl 12.00 Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer: Stefanusalliansen.
01. september 15.s.i treeiningstida Ruth 1, 7-11:16-19a	Sandeid kl. 11.00 Familiegudsteneste Konfirmantpresentasjon Takkoffer	Skjold kl. 11.00 Gudsteneste Konfirmantpresentasjon 50-års konfirmantane. Takkoffer	Bjoa kl. 16.00 Familiegudsteneste. 4-årsbok og konfirmantpresentasjon. Takkoffer.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

VIKEDAL

Døde:

17.03. Gunnbjørg Lygre f.1934
02.04. Margrethe Sofie Opsal f.1932

IMSLAND

Døde:

25.04. Torjus Bertrand Øvregård f.1924
26.04. Olaug Gurine Mo f.1928

SANDEID

Døypte:

21.04. Sondre Larsen
21.04. Håvard Skjold-Stensland

Døde:

11.03. Gudrun Halldis Hustvedt f.1929
21.03. Arthur Martin Larsen Sele f.1930
12.04. Trygve Olav Årak f.1957
20.04. Jakob Ivar Strand f.1932

VIKEBYGD

Døypte:

17.03. Selma Solheim-Gangstø

Døde:

17.04. Kari Helene Tindeland f. 1932

SKJOLD

Døypte:

24.03. Elise Vik Presterud
07.04. Thea Nordtveit
07.04. Emilie Nordtveit
21.04. Linnea Haraldseid
19.05. Ella Wannberg
19.05. Leif Erik Oppedal
19.05. Harald Stuhaug

Døde:

27.03. Henrik Urdal f.1925

VATS

Døypte:

14.04. Kristian Nesheim Taraldsøy
14.04. Anna Eidhammer
12.05. Oliver Krakk Gjil

Vigsel:

27.04.

Marianne Bakkevold og Tomas Vassnes

Døde:

29.04. Solveig Leifsen f.1932

ØLEN

Døypte:

17.03. Aslak Bjørnevik
21.04. Oskar Vannes Berge
19.05. David Westre Gusdal

Vigde:

16.03. Linda Iren Askeland og
Anders Helle Gundersen

VIKEBYGD

Døypte:

17.03. Selma Solheim-Gangstø

Døde:

17.04. Kari Helene Tindeland f. 1932

MØTER OG KUNNGJERINGER



Vil du bety noe for andre?

Din livserfaring kan være til hjelp for andre. Vi trenger flere frivillige til vaktrom Stavanger! Innføringskurs for telefonvakter, og for deg som vil chatte, starter onsdag 18.09.2013 kl. 19.00-22.00. Kontakt Kirkens SOS i Rogaland snarest på tlf.: 51 88 45 15, mobil 971 70 995. E-post: rogaland@kirkens-sos.no www.kirkens-sos.no

Friluftsgudsteneste på Refsnes

kl 11.00 v/ Hjelvik. Dåp, og offer til (sjå gudstenestoplan). Ta med noko å sitja på, og niste/grillmat. Leikar og aktivitetar.

Misjons basar Imsvåg Bygdahus

20 juli kl.19:00. Tale Jens Stangaland.

Vågen Bedehus

9. juni kl. 19:30 Søndagsmøte
12. juni kl. 19:30 Bønnemøte
19. juni kl. 19:30 Bønnemøte
23. juni St.Hans feiring

Vikestølsmøtet

På Vikestølen søndag 30. juni klokka 12:00. Talar: Per Ølfarnes
Veg frå Eikås på Bjoa og frå Vikebygd
Skyss for eldre med bil. Alle velkomne

Nytt bedehus / soknehus i Vats

På årsmøtet 28. januar 2013 vart det, med stort fleirtal, vedteke å kjøpa tomta mellom Vindafjord- hallen og kyrkja så snart ho var finansiert. Kjøpe vil truleg skje ganske snart. Alle som ynskjer å støtta opp om tiltaket, kan overføra summen dei tenkjer å gje til bankkonto: SR-Bank Ølen 3330.24.11242 Stor takk til dei som allereie har støtta tiltaket og til dei som vil støtta! Pengane trengst.

Loppemarked

Det er Loppemarked på Stemnestaden lørdag 15. juni kl 10.00.

Kyrkjelydsweekend!

Skjold Kyrkjelyd arrangerer kyrkjelydsweekend til leirplassen Ognatun på Ogsna i Sør Rogaland nå til hausten. Håpar du blir med! Sett av helga 1-3. november. Meir informasjon kjem seinare.

Misjonsstemne på

Øvre Vats Bedehus

6. juni 2013 kl. 19:00

Trygve Sandvik talar og fortel frå tur til Japan. Glimt frå Madagaskar og Thailand. Song og musikk av Anne Marie og Hans Asbjørn Aasbø. Bevertning og misjonsoffer. Be for stemnet. Vel møtt frå heile Vindafjord!

Austrheim bedehus - Skjold

23. juni St.Hans feiring

Nytt kyrkjelydhus i Vikedal

Auksjon og loppemarknad

I omlag to år har me i Vikedal arbeidd med tanken å bygge nytt kyrkjelydshus i nærlieken av kyrkja. Sjølv bygget er eit prosjekt som går nokre år inn i framtida, men å finansiere kjøp av tomta me har fått lovnad om, er eit svært viktig mål å arbeide mot.

Første steg for å få pengar til dette føremålet blir å arrangere auksjon og loppemarknad på **Bygdahuset i Vikedal laurdag 27.juli**. I dette høvet ønskjer me gjenstandar til både auksjonen og til loppemarknaden denne dagen. Dersom de har ting å gi til dette er me svært takksame. Ta kontakt med oss, så hentar me det de vil gi til auksjonen.

Herdis Pedersen mobil 472 53 001
Inger Olaug Sandvik mobil 924 29 404
Anne Marie Reimers mobil 479 05 491
Olav Eikeland mobil 997 85 036
Bjarne Hjelvik mobil 471 73 825
Tone S. Andreassen mobil 917 06 979

Dersom de på andre måtar vil støtte arbeidet med finansiering av tomt til kyrkjelydshus er det mogleg å gi pengar til dette. Kontonr. er **3240. 08. 54660**. *Vikedal sokneråd og Byggjekomiteen for nytt kyrkjelydshus*

Imsland

Gullkonfirmantfest etter gudstenesta

08.09. på Imsland Bygdehus. Gudstenesta byrjar kl. 11.00.

Kryssord

Nynorsk

**Vassrett:**

- 2. To knytt saman.
- 5. Deretter
- 8. Dråpeteljar
- 13. Ungdomskor
- 15. Verdsdel
- 17. Husdyr
- 18. Sylta citrus-skal

Loddrett:

- 1. Spiste
- 2. Frø
- 3. Ivar Pedersen
- 4. Legemsdel
- 5. Frukt
- 6. Gutenamn
- 7. Kjøttrett
- 9. Storebror Askeladd
- 10. Gutenamn.
- 11. Tal
- 12. Kone u/mann.
- 14. Velvære
- 16. Arvid Thorsen

Løysing på kryssordet finn du på Internett:

www.hyrdingen.no

Korleis har du det... **EIGENTLEG?**

Eit menneske å snakke
med når livet er som verst



Kirkens SOS
815 33 300

SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Åndaktstelenon

380 91 700

Åpent hele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag

Tjenesten
er gratis

Gudstenestelista sjå side 14!



Til venstre prest Jon Ådnøy, til høgre dåpsskulelærar Liv Eidhammer Mangrud.

Dåpsskule i Skjold

Familiegudstenesta søndag 7. april markerte avslutning for den fyrste dåpsskulen i Skjold. Foreldra møtte fram og elevane fekk både boka "Forteljingar frå Bibelen" og diplom. I tillegg var dei aktive deltakarar under gudstenesta, m.a. med song.

Frå skulefag til kyrkjeopplæring


Den norske grunnskulen er tufta på kristen lære og tru. I Normalplan for landsfolkeskulen gjeldande frå 1939 - 1974 står det om faget kristendomskunnskap: "Opplæringa i kristendomskunnskap skal hjelpe til å gjeva borna kristeleg og moralsk oppseding (§ 1 i lova)

Under "Ålmenne merknader" kan ein lesa: "Læraren må alltid koma i hug at det borna lærer i kristendomskunnskap, skal vera grunnlag for trua og rettleiing for livet deira."

Seinare har nye skulelover kome i takt med endringar i samfunnet. I 1997 vart faget kristendoms- og livssynskunnskap heitande RLE, som står for religion, livssyn, etikk. Faget har dermed endra karakter, frå å vera eit trusskapande fag til meir eller mindre å vera eit religionsnøytralt fag. I 2008 vart faget heitande RLE, som står for kristendoms-, religions- og livssynskunnskap.

På denne bakgrunnen er det at kyrkja har overteke trusopplæringa. Å gje borna opplæring i kristendomskunnskap som grunnlag for trua og rettleiing for livet, er no kyrkja sitt ansvar.

Tilbodet til 6-åringane om dåpsskule, har denne bakgrunnen.



6-åringane fekk både bok og diplom.

Fyrste kullet

Det har vore dåpsskule i alle sokna i Vindefjord denne vinteren. Her i Skjold er det Liv Eidhammer Mangrud og Ingrid Blikra Hystad som har vore lærarar. Dei har hatt fire samlingar, og dei har i særleg grad arbeidd med to hovudområde: *Bli kjend med Bibelen, Bli kjend med kyrkjya*. Elevane har lært seg fire songar, m.a. "Den store skattesongen, dei har lagt puslespel, hatt matøkt og knytt bibelforteljingar til ulike figurar i skattekiista.

Det har vore lærerike samlingar med høg trivselsfaktor.

Nytt kull neste år.

Dåpsskulen er komen for å bli. Til hausten vil nye 6-åringar få tilbod.

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 5. september. Stoff kan sendast til:
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold. E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Frist for innlevering av stoff: 17. august 2013